



Seim Bygg AS (Byggmann)  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8506 - 21/80754

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
29.11.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 134/8 Hilland**

Tiltak: Søknad om deling  
Byggjestad: Gbnr 134/8  
Tiltakshavar: Jan Helge Rognaldsen  
Ansvarleg Søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.10.2021.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ut frå vurdering om søknaden krev dispensasjon frå kravet i kommunedelplanen om reguleringsplan må bruken av arealet forklarast nærare. Det må gjerast greie for om det skal byggast noko på parsellen. Kven skal parsellen eventuelt seljast til. Formålet med frådelinga.
2. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla. Dette gjer ein på vegvesenet sine nettsider.
3. Det er i søknaden kryssa av for at det er lagt ved avtalar, dokumentasjon, private servituttar. Me kan ikkje sjå at dette er lagt ved.
4. Det er lagt ved mange dokument som ikkje er naudsynt i søknad om deling. Dette er mellom anna dokument for ansvarsrett og gjennomføringsplan. Heller ikkje «søknad om tillatelse i ett trinn» er naudsynt å sende inn i samband søknad om deling når det er brukt kommunen sitt skjema for søknad.
5. Søknadsskjemaet er ikkje signert.
6. Omsøkte parsell må gjevast vegrett i privat veg fram til kommuneveg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Jan Helge Rognaldsen

Ole Vigs Gate 14

0366 OSLO

### **Mottakarar:**

Seim Bygg AS (Byggmann)

Nesbrekka 28

5912 SEIM